



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hanne Melander, 5557 2265

Vår dato  
11.07.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/3305 632.2  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Midlar til etterutdanning for tilsette i PPT 2017

Utdanningsdirektoratet har gitt Fylkesmannen oppdrag om å fordele midlar til etterutdanning til tilsette i PPT. Midlane kan nyttast til etterutdanning i

- organisasjonsutvikling/endringsarbeid
- læringsmiljø og gruppeleing
- vegleing og rådgiving
- fleispråklegheit og fleirkulturell kompetanse
- alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
- spesifikke språkvanskar

For å få støtte må etterutdanninga vere praksisnær og innebere refleksjon og utprøving mellom samlingar eller andre læringsøker. Etterutdanninga må også leggje opp til bruk av arbeidsplassen som læringsarena og medverke til auka merksemd på systemretta arbeid i PP-tenesta. Midlane kan nyttast til individuelle, gruppebaserte og arbeidsplassbaserte etterutdanningstiltak.

For å medverke til at den nye kunnskapen blir forankra i organisasjonen, bør etterutdanninga så langt det er mogleg bli organisert slik at heile eller delar av kollegiet kan delta saman.

Fylkesmannen i Hordaland har for 2017 fått kr 505 000,- frå Utdanningsdirektoratet til fordeling i fylket. I tillegg fekk vi kr 200 000,- hausten 2016, som ikkje er nytta.

Vi legg ikkje opp til ein søknadsprosess knytt til desse midlane. Vi har vore i dialog med arbeidsutvalet for skule- og barnehageansvarlege i fylket (AU) og med AU for PPT-leiarnettverket i Hordaland når det gjeld bruk og fordeling av dei samla midlane.

Med bakgrunn i vilkåra Utdanningsdirektoratet har sett for fordeling av midlane og dei tilbakemeldingane Fylkesmannen har fått etter dialog med sektoren, finn vi at midlane skal nyttast slik:

1. Samling for leiarar i PPT 18. og 19. oktober 2017.  
Meir informasjon kjem etter sommarferien.
2. Deltaking på Fagtorg 2017 23. og 24. august i regi av Statped vest.
3. Etterutdanningsprosjekt til alle PPT tilsette i Hordaland i regi av NLA:  
Organisasjonsutvikling og endringsarbeid, frå individ til systemarbeid.  
Meir informasjon blir sendt til PPT-kontora tidleg hausten 2017.
4. Restmidlar blir fordelt til regionane.

Oversikt over fordeling midlane vil liggje føre tidleg på hausten 2017.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*